

Styremøte SFSG 25. februar 2010 kl 17.00 på Skei hotell

Desse møtte: Halvar Espeseth, Lars Olav Vanberg, Tom Idar Kvam, Eli B. Ness

Sak 08/10 Referat og meldingar

- Blomar til Leif i samband med operasjon.
- Referat førre møte. Ingen merknader
- Geitedagane 20.-22. august. Godt i rute. Landbruksministeren kjem
- Beitebruksgruppa. Har hatt første møte. Prioriterer gjerdehald og radiobjøller.
- Møterunde om gjerdehald, Luster, Gloppen, Sogndal, i regi av bondelaget. Oppfordrar beitelaga til å ta ansvar for gjerdehaldet.
- Organisasjonsspermar til lokallaga. Kjem frå NSG denne helga, skal vidare ut til lokallaga.
- Informasjon frå geitekontrollen. Er dette mogeleg tidsmessig, bør vi få det inn i årsmeldinga neste år. Avklar dette med Helga.
- Prosjektet Framtidsretta sauehald er no avslutta.
- Uttale frå Eid Sau og Geit. Problemstillingar knytt til flyfoto av bratt terreng som kontrollgrunnlag som for areal/ kulturlandskapstilskot.
- Beste sjeviotvær i landet frå Sogn og Fjordane. Eigar Jarle Vilnes.
- Beste bukk i landet frå Sogn og Fjordane. Ålen. Eigar Erling og Annlaug Vanberg.
- Heimeside. Det som blir lagt ut på Innmarka kjem ikkje over på heimesida.

Sak 09/10 Arbeid i gjetarhundnemnda

Under møte for aktive i gjetarhundmiljøet i fylket på Skei i starten av året, var også samarbeid mellom gjetarhundnemnd og fylkeslag oppe som tema. Gjetarhundnemnda ønskjer å opprette eigen konto med eigen delrekneskap. Dei ønskjer årleg tilskot frå fylkeslaget. Eventuelle aktivitetar som fører til inntekt, skal gå inn på denne kontoen. Ønskjer å nytte overskotet til vidare arbeid i nemnda. Gjetarhundnemnda ønskjer også å styrkje kontakta med fylkeslaget, og ber difor om å få ein frå fylkesstyret med i nemnda.

Vedtak: Gjetarhundnemnda får utbetalt kr 14.000 frå SFSG for 2010. Ser nemnda at dei treng meir midlar dette første året, må dei søkje særskilt om dette og grunnge kravet. Denne søknaden vil bli handsama ut frå økonomien til fylkeslaget.

Det blir oppretta eigen konto og utarbeidd eigen delrekneskap for gjetarhundnemnda. Blir det overskot i denne rekneskapen eit år, skal dette overskotet førast over til neste år.

Ønskjer gjetarhundnemnda ekstra midlar knytt til særskilde arrangement, må dette søkjast om særskilt. Slike løyvingar vil bli vurderte ut frå den økonomiske situasjonen til fylkeslaget, og i høve til innsendt rekneskap for det enkelte arrangement.

SFSG ønskjer ikkje å ha eigen representant i nemnda, men ønskjer å kalle nemnda inn til å delta på møte minst ein gong i året.

Sak 10/10 Ny landbruksmelding

Arbeidet med ny landbruksmelding er i gong. Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk skal ha samrådsmøte for Vestlandet i Bergen 5. mars. Eli deltek der. SFSG vil vektlegge at ein også i framtida skal kunne gjere seg nytte av ressursar som ellers ikkje vil bli nytta. Retten til bruk av utmark må vere med i den nye meldinga.

Vedtak: SFSG oppfordrar alle lokallaga til å kome med innspel til ny landbruksmelding innan 1. april 2010.

Sak 11/10 Arbeidsplan 2010

- Styremøte veka etter påske, 7. april.
- Styremøte juni, m. avlsutval og gjetarhundnemnd.
- Styremøte august, Geiranger.
- Styremøte desember.
- Markdag m. tema alveld slutt juni.
- Klippekurs august/september
- Geitedagar 20.-22. august.
- Fjelldag i regi av Jølster Sau og Geit månadsskifte juli/august.
- Fylkesmeisterskap gjetarhund 3. oktober
- Leiarsamling. To alternativ 2. og 3. oktober, samarbeid m. Møre og Romsdal. 22. –23. oktober Anna opplegg.
- Fagtur småfehaldarar. Oppfølging av småfehaldarar som har vore i kontakt med Framtidsretta sauehald og sagt dei ønskjer fagtur for å sjå på driftsbygningar.
 - Ny landbruksmelding.
 - Vervekampanje
 - Oppfølging av lokallag
 - Beitebruksprosjekt

Vedtak: Arbeidsplanen vert framlagd for årsmøtet til avrøysting.

Sak 12/10 Søknad frå Årdal Sau og Geit

Årdal Sau og Geit har sendt inn søknad om å få dekkja ein del av kostandane i samband med fjellturen som vart arrangert frå Ofredal i Årdal til Kroken i Luster. Rekneskap med oversyn over utgifter og inntekter var lagt ved søknaden.

Vedtak: SFSG støttar søknaden frå Årdal Sau og Geit med 5.000 kr.

Sak 13/10 Ymse

- Årsmøte Kyrkjebø Sau og Geit. Halvar er invitert.
- Årsmøte Bonde- og småbrukarlaget på Skei 6. og 7. mars. Eli deltek laurdag.
- Årsmøte Bondelaget 8. og 9. mars. Halvar deltek.

Laurdag 27. 02. etter årsmøtet. Desse deltok: Halvar Espeseth, Lars Olav Vanberg, Tom Idar Kvam, Eva Høydal

Sak 14/10 Oppfølging arbeidsplan

Fagtur småfe, jfr liste Kjellfrid Støylen har over interesserte. Halvar og Lars Olav tek ansvar for dette.

Geitedagane er ikkje aktuelle for fylkesstyret pga. kostnader.

Klippekurs Sogndal. Tom Idar tek ansvar for dette.

Landbruksmelding. Eli tek hovudansvar, men treng fleire både å diskutere med og til å kome med innspel.

Leiarsamling. Halvar tek ansvar for samlinga

Oppfølging lokallag.
Førebels liste.

Tom Idar tek ansvar for

Aurland	Gaupne
Hafslo	Indre Hafslo
Jostedal	Leikanger
Luster	Lærdal
Skjolden	Sogndal
Årdal	

Halvar tek ansvar for

Askrova	Bremanger
Eikefjord	Førde
Hyen	Hyllestad
Jølster	Naustdal
Norrdalsfjord	Selje
Stavøy	

Lars Olav tek ansvar for

Breim	Eid
Gloppen	Hornindal
Nordsida	Vikane

Eva tek ansvar for

Bygstad	Fjorden/Dale
Flekke	Guddal
Holmedal	Askvoll
Solund	Hestad

Eli tek ansvar for

Arnafjord	Feios
Fjærland	Fresvik
Kvamsøy	Oldedalen
Sande	Stryn
Vetlefjord	Vik
Viksdalen	

Leif tek ansvar for

Brekke	Gulen
Kyrkjebø	

Møtet slutt.

Ref. EBN